



Bø kyrkjeblad

Utgåve 15 - Mars 2024



Tilsette i Bø kyrkjelyd



Kyrkjevevjerje
**Angelika
Faber Karsrud**

410 28 633
angelika.karsrud@mtkyrkje.no



Kontorfullmektig:
**Dagne
Mo**

404 31 829
dagne.mo@mtkyrkje.no



Sokneprest:
**Axel J.
Bugge**

454 77 020
axel.bugge@mtkyrkje.no



Kapellan
**Per Inge
Bergem Håland**

917 89 097
peringe.haland@mtkyrkje.no



Trusopplærar
**Signe Vreim
Østtveit**

971 82 146
signe.osttveit@mtkyrkje.no



Korleiar:
**Grete
Hasselgård Sele**

915 56 348
grete.sele@mtkyrkje.no



Kyrkjjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Håkon
Holtar**

906 16 806



Kyrkjjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Per Johan
Nordvik**

913 89 533



Kyrkjjetenar:
**Håkon
Mæland**

957 51 519

«Som den gyldne sol frembryter»

Sjå på bilete på framsida av bladet med sola som bryt igjennom den mørke trekrona. Det er både lys og mørke, men vi aner at lyset skin sterkt på den andre sida av treet. Mørke og lys er ei del av påskas historie, der lyset sigrar med Jesu oppstode. Påska er og vår historie, der det skifter mellom mørke og lys.

Dei fire evangelia startar fortellinga om Jesu oppstode med å beskrive overgangen frå natt til dag – frå mørke til lys. Markus skriv: «*Tidleg om morgonen første dagen i veka kom dei til grava med det same sola rann*»

Maria Magdalena var den første kvinna som fekk møte den oppstadne Jesus, og det var ho som varsla læresveinane, Peter og Johannes, om kva ho hadde sett.

Kvinner og gjetarar kunne ikkje brukast i rettssaker på den tida. Men gjetarar vitna om Jesu fødsel og kvinnene om Jesu oppstode frå dei døde. Langfredag er den lengste og mest smertefulle dagen for Jesus, fylt av mørke og vondskap. Då Jesus hang på korset den sjetten timen, vart det mørkt i heile landet og mørket varte til den niande timen.



Før Jesus døydde, ropte han ut frå korset: «*Min, Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?*»

Livet er av og til sårbart og ubeskriveleg vondt. I nattmørket finst det ikkje enkle svar og billige løysingar på det vonde. Når Jesu roper ut sitt «kvifor» til Gud - så er det også rom for våre vonde kjensler, våre rop og protestar til Gud. Påskebodskapen er at Jesus har sigra over dødskreftene og han drar alle til seg. Jesus lever i oss og han gir kyrkja og verda eit lys som er sterkare enn mørket. Den danske salmedikteren Tomas Kingo skreiv ei salme om lys og mørke, der Jesus er solens stråleglans i påskemorgenrøde.

*Som den gylne sol frembryter
gjennom den kullsorte sky
og sin stråleglans utskyter,
så at natt og mulm må fly,
så min Jesus av sin grav
og det dype dødens hav
oppstod ærefull av døde
imot påskemorgenrøde.*

Axel J. Bugge



Helsing frå kyrkjeverja

Bollane er henta frå Gvarv bakeri. Denne gongen skal dei til Bø til familiegudsteneste på fastelavnssøndag. Kor mange treng vi? 150 stk. pluss noko glutenfritt var bestillinga som nok kjem til å få bein å gå på. Førre veke var det misjonssøndag med basar og pølsefest på Nes menighetshus som samla ein stappfull sal av menneske i alle generasjonar. Ein innhaldsrik ettermiddag for kyrkjelyden, der mobilen berre hadde sin funksjon i å ta mange fine bilete. Dette er to heilt vanlege eksempel på korleis familiar i den flotte kommunen vår brukar søndagar mellom høgtidene.

Vi er gode til fest! Men her i Midt-Telemark er kyrkjene ikkje berre fylt opp til siste benk i jula, då det trengst

heile sju gudstenester på julekvelden for å kome behovet i møte. Vi er også kjempegode på kvardagane, og eg vil påstå at gode kvardagar tel mest i livet! Kvardagar som legg opp til at vi kan nyte festdagane. Og kvardagane i 2024 er rulla godt i gang i skrivande stund. Nye sokneråd og eit nytt fellesråd har allereie hatt fleire møte, underutval er etablert og blikket blir retta framover. Det er her det blir lagt planar, evaluert og drøfta korleis kyrkjelyden ønskjer å utvikle seg.

Det har gått mange tankar til økonomi og rekneskap før årsskiftet. Dei økonomiske rammene for 2024 er nøkterne, men før jul gjekk kommunestyret inn for å gi fellesrådet auken vi trong for å kunne tilsetje ny

organist. Dette imot innstillinga frå ein sterkt pressa kommunedirektør. I same kommunestyremøte blei også ein auke, eller rettare sagt ei indeksregulering, av festeavgifta vedtatt. Det er med på å tryggje økonomien i kyrkja og veg noko opp for dei auka straumprisane, som også i år vil vere ein stor utgiftspost for fellesrådet. Dette fortel også noko om at kyrkja står sterkt i Midt-Telemark! Arbeidet vi gjer blir verdsett av det mangfaldige samfunnet vi er, her i hjartet av fylket.

Like før jul kunne vi ta i bruk ei etterlengta hovudtrapp til Sauherad kirke. Trappa har fått jamne trinn og skal få rekkverk i smijern til våren. Neste prosjekt som står for tur er etablering av namnet «minnelund». I første omgang gjeld det Bø-haugen, der etterspurnaden har vore størst, men prosjektgruppa fekk utvida mandatet og skal planleggje minnelundar for heile kommunen. Realisering av det livssynsopne seremonirommet på Bø-haugen er sett på vent etter at nye utrekningar i fjor vår viste eit stort gap mellom finansieringsbehovet og pengane vi hadde løyvingar til. Men nyleg hadde underteikna kyrkjeverje saman med representantar for fellesrådet eit nytt og konstruktivt møte med kommuneleiinga. Det er ingen tvil om at behovet for eit livssynsoppe seremonirom i sambruk med eit forsamlingslokale for Bø sokn er til stades, og at vi i fellesskap med kommunen skal jobbe mot ei løysing.

Eit anna prosjekt vi arbeider med er eit forprosjekt om kalking av Sauherad kyrkje i samarbeid med Riksantikvaren. Dette er fullfinansiert frå Riksantikvaren og vil gi oss nytt innblikk og kompetanse når det gjeld klimaskalet til alle dei tre mellomalderkyrkjene våre. Interessa for desse kyrkjene er stort i fagmiljøet. Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) har nyleg levert ei tilstandsregistrering av kunst og inventar i Bø gamle kyrkje. Vi sit på umistande kyrkjeskattar som treng ein god plan om varetaking for dei neste 1000 åra.

«Tusen-Vis» har då også gått inn i kvardagsvokabularet i staben. Her tenkjer ein 1000 år om gongen, og prosjektet «Tusen-Vis» i regi av «Kirkelig kultursenter Sør» (KIRKUS), ved dagleg leiar Grete Hasselgård Sele, har gått til topps og fått tildelt full pott frå Kyrkjerådet. Dette er eit prosjekt av nasjonal betydning som skal bli til eit pedagogisk opplegg for mellomtrinnet på skulen. Sjetteklassingane våre i kommunen kjem til å delta i pilotprosjektet. Tema er kristendommen sin påverknad på norsk kultur og samfunn igjennom 1000 år og skal etter planen rullast ut over heile Noreg frå 2025.

Med ønske om ein god kvardag i 2024 for dykk alle!

Angelika



Andakt

Korset

Heilt ifrå eg var liten, har eg vore omgjeven av kors. Eit skinande lite eit i den mjuke halsgropa til bestemor. Eg klemte gull-korset mellom fingrane, trygg på bestemor sitt fang.

Så var det korset langt borte, det inni kyrkja, med den skumle og triste mannen på. Og på toppen av kyrkja, spiret som strakk seg mot himmelen i sol og storm. Og på 17. mai, eg hugsar at det var pappa som viste meg det første gong.

- Ser du? Sjå på det blå i flagget, du ser at det er eit kors.

Som ungdom ville eg helst bort frå korset. Det var ubehageleg. Eit torturretskap og ein døande mann som symbolet på ei levande tru. Kva meinte dei med det?


På nokre område er det greit å bli vaksen. Dei store gåtene får modnast over tid i kroppen. I dag tenkjer eg på korset som ei verkeligheitsorientering. Ein mørk meny over kva tilveret kan gje. For livet er fullt av liding. Sorg og einsemd, krig, katastrofer, ulideleg fattigdom, - det rammar ulikt, og det rammar hardt. Og ingen av oss slipp unna.

Når det vesle barnet blir bore fram til dåp i kyrkja, blir det teikna med korset over den kvitkledde bringa. Her er orda presten seier: «Eg teiknar deg med det heilage krossmerket til vitnesbyrd om at du skal høyra den krossfesta og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han.» Å høyra til er sterke

saker. Om eg høyrer til er det bare sånn. Det kan knapt endrast. Eg er døypt. Altså tilhøyrer eg han på korset, han skumle som eg såg i kyrkja då eg var liten og som eg helst ville bort frå som ung. Han som ikkje bare er korsfesta, men også oppstanden. Han som gjekk gjennom lidinga og kom ut att på andre sida med livet. Eg tilhøyrer ein som blei verande. Ein som ikkje trakk seg frå lidinga. Dette er motsetnaden til Bøygen i Peer Gynt. Han vil ha oss til å gå utanom, til å lyge, til å klynge oss til rikdom og tilfeldige elskarar for å unngå eigen tomleik og smerte. Korset er å stå i det, fordi det ikkje finnast nokon annan veg. Og i dette, seier presten til det kvitkledde vesle barnet med livet framfor seg, er du aldri aleine. Det er ein som har gått foran deg. I lidinga som møter deg i livet, der du må bære ditt eige kors, er det ein som kjenner deg og elsker deg. Ein som går saman med deg gjennom mørkret til lyset og det leikande livet på den andre sida. Det er påska sin bodskap. Her og nå, i livet som ligg framfor deg, er det slik. Og slik skal det også bli på din siste dag, når timen din kjem, og døden favnar deg.

Helga Samset er forteljar frå Bø, busett i Oslo.

Kvar desember kjem ho heim og feirar Lucia i kyrkja saman med barnekora.



Gud skaparen

Kva trur vi om Gud? Somme seier at Gud ikkje finst. Dei kan også finne på å seie at Vitskapen har vist oss det. INGEN VITSKAP KAN MOTBEVISE ELLER BEVISE GUD. Den Gud som jødedom og kristendom trur på er langt utanfor bevis/ikkjebevis.

Kva, eller kven er så Gud?

Det er skrive tusenvis av sider om dette, men her er ein kortversjon.

Tenk deg universet. Milliardar av galaksar med milliardar av stjerner i kvar! Milliardar av lysår! Ubegripeleg! Livet her på jorda: frå ørsmå eincella

organismar til blåkval som kan bli 30 m lang og vege opp mot 190 tonn! For ei skaparkraft! Ganske ubegripeleg det også. Midt i mellom dette lever vi. Her sit eg/vi og tenkjer om alt det skapte og skaparen (Gud). Ein har prøvt å setje ulike namn på Gud. Eit av dei siste er «designar». Problemet med slike namn

er at vi fort tenkjer på menneskelege designarar. Mange vil då sjå for seg eit skrivebord med verktøy mm. Vi må ikkje på den måten tenkje i menneskelege kategoriar. Namnet til jødane på Gud er «Den som er». Det hebraiske ordet kan også omsetjast med «Den som får ting til å bli». Då tenkjer eg på den evig verande og skapande Gud.

Kvar er Gud? Ikkje der oppe. Nokså nær toppen av naivitet er det når ein sovjetisk romfarar (Gagarin) kom tilbake og fornøgd kunne melde at han ikkje hadde sett nokon gud der oppe.

Gud er over alt alltid. Gud er altså ikkje bunden av tid og rom slik vi er det. No kjem det ein tanke som vil vere framand for mange. Eg trur at Gud er i alt som lever. Men det betyr ikkje at eg meiner at Gud og det levande er eitt. Panteistane meiner det, men det meiner ikkje kyrkja.

Tenk litt over: Kanskje det er slik at dersom Gud fjernar seg så døyrt livet?

Dette er igjen noko som verken kan bevisast eller motbevisast.

Fordi Gud er så annleis, blir omtalen vår av han og trua vår prega av paradoks. Kva eg enn måtte seie om Gud, så blir det alltid for lite og puslete. Gud skal først og fremst tilbedast, ikkje forklarast.

Ulf Vege

Tusen takk til omberarane av Bø kyrkjeblad!

Sveinung Astad
Nikolai Boye
Axel og Kirsten Bugge
Rune Bøen
Otto Martin Christensen
Jostein Dalen
Augon Eika
Eivind Forberg
Hjalmar Groven
Turid Nærdal Haatveit
Håvard Hogstad-Erikstein
Olav Haugestøl
Gunleik Hynne
Christian Kjuus
Gunnar Klingberg
Bente Klokkehaug
Astri Bjerke Lie og Kjetil Lie
Bente og Kåre Liestøl
Helga Sannes Marthinsen
Dagne Mo
Anne-Lene Refsum
Arne Rød
Asle Sandnes
Grete Hasselgård og Asgeir Sele
Gunn Hauggrav Seljebotn
Olav Solberg
Margit Ryen og Bjørn Steen
Hæge Straand Sunde
Geir og Inger Åse Sønstebo
Berit Synnøve Sørbo
Oddbjørn Vatnar
Ulf Bruno Vege
Halgeir Vreim
Signe Vreim Østtveit

Takk til Kiwi i Bø som sponsar oss med posar til å bere blada i!

Bli ein del av fellesskapet: Frivillig arbeid i Bø kyrkje

Akkurat no, medan du les dette innlegget, er det nokon frivillige som jobbar for fellesskapet, kyrkja og Gud.

Ein stad på Vreimsida sit det ein og planlegg et treff for ungdomane, i Breisås sit ein og førebur ei andakt, på Bø senteret går to personar rundt og kjøper inn mat og drikke til kyrkjekaffien, og i Tomaskapellet samlast nokon i bøn for bygda. Kyrkja vår hadde ikke klart oppdraget sitt utan folk som bidreg med hender, hovud og hjarta. Og me trenger fleire! Vil du bli med?

Det er mange måtar å engasjere seg på i det frivillige arbeidet i Bø kyrkje:

Kakebaking, matlaging og servering

Likar du å bake kake eller bollar, til ulike festar og samlingar? Eller kanskje du kan koke lapskaus til den årlege konfirmantfesten eller hjelpe til å lage brødmatt til minikonfirmantane som møtast kvar fredag etter skuletid?

Pynte og stelle i stand til fest og ulike samlingar

Kanskje du kan tenke deg å hjelpe til med å rigge til stand til fest og ulike samlingar? (få på plass bord, pynting, koke kaffi m.m.). Eller kanskje det passar for deg å vere med å rydde opp i etterkant?

Barne- og ungdomsarbeid

Kan du tenke deg å vere med å med som vaksenleiar eller medhjelpar på søndagsskule, minikonfirmantar, ungdomssamlingar eller korarbeid? Her er det mange mogelegheiter:

- På søndagar er det søndagsskule for dei yngste barna og «bibelgjengen» for dei litt eldre barna.
- Fredagar like etter skuleslutt har minikonfirmantane, «Give me 5», (5. klassingar) samling på bedehuset. Her er det andakt, aktivitetar og servering av brødmatt.
- Ein laurdag i månaden samlast 20-30 ungdommar frå 7. klasse og oppover på ungdomsklubben «Sett» for ulike aktivitetar, pizza og andakt. Dei fleste samlingane er på Bø bedehus, men i løpet av året er det også ein tur til Tusenfryd, bowling m.m.
- Kvart år vert «Mesternes mester» arrangert for barn i alderen 12-13 år.
- Bø kyrkje driv også Korskulen med kortilbod for alle aldrar: Babysang, Minikor, SingLett og Seltin.

Utkøyring av Kyrkjebladet

Fire gonger i året kjem Kyrkjelydsbladet ut. Her trengs det frivillige som kan bidra med å køyre rundt og levere kyrkjelydsbladet i postkassane i Bø.



Kaffegjengen under «Basarkveld for Kambodsja» Fra venstre Sveinung, Inger -Åse, Solveig og Kristin.

Diakoniutval

Bø kyrkje har og eit diakoniutval. Utvalet arrangerer m.a. gudstenester og sosiale samlingar for psykisk utviklingshemma på DRIV og Jønnbu fjellkyrkje, andakter og konsertar på sjukeheimen, med deltaking frå Tanke-dagsenteret og skjerma avdeling. Enkelte i utvalet har også besøksteneste i kyrkjelyden. Som frivillig i diakoniutvalet kan du og bidra med å følgje eldre som bur i omsorgsbustadene til ulike samlingar på sjukeheimen.

Kyrkjevert

Kan du tenke deg å bidra under gudstenesta? Kanskje du kan tenke deg å vere kyrkjevert eller klokkar enkelte søndagar? Som kyrkjevert har ein ansvar for å dele ut salmebøker, koke kaffi og rigge til enkel kyrkjekaffi i etterkant av gudstenesta. Klokkar les tekstar og kunngjeringar under gudstenesta.

Givarteneste

Bø kyrkje har og ei givarteneste. Der kan du støtte Bø kyrkje sine aktivitetar

knytt til trusopplæringa i kyrkja. Alle tilboda handlar om å skape trygge rom for barn og unge og gi dei meningsfulle opplevingar. Bidraga til givartenesta hjelper oss med å sikre eit kontinuerleg og godt tilbod.

Kan du tenkje deg å bidra som frivillig i Bø kyrkje – anten det er enkelte gonger eller på meir fast basis? Då kan du ta kontakt med ein av oss i soknerådet.

Å vere frivillig i kyrkja er meir enn berre å gjere ei oppgåve. Det er å vere ein del av eit større fellesskap, der kvar enkelt sitt bidrag er verdifullt og viktig. Det er her me saman kan skape eit varmt og inkluderande miljø, der alle kan føle seg velkomne og verdsette. Me håpar og trur at du vil finne glede og meining i å bidra som frivillig i Bø kyrkje.

Ingunn Skalstad,


Bø sokneråd

Tlf. 45263814

e-post: ingunnskalstad@hotmail.com

Maria Bodskapsdag

Søndagen «Maria Bodskapsdag» markers søndag 17. mars i år til minne om jomfru Maria som får beskjed om å bli mor til Jesus. Det er 9 måneder til jul og «Maria Bodskapsdag» er en festdag i fastetiden som uttrykker gleden over livets under.



Salme 139, vers 13-16
*Auga dine såg meg
då eg var eit foster.*

*For du har skapt mine nyrer,
du har vove meg i mors liv.
Eg takkar deg for at eg er så underfullt laga.
Underfulle er dine verk, det veit eg godt.
Knoklane mine var ikkje skjulte for deg
då eg vart laga i løynd og voven djupt i jorda.
Auga dine såg meg då eg var eit foster.
Alle dagar er skrivne opp i di bok,
dei fekk form før éin av dei var komen.*

*«Velsignet kvinne» er laget av
kunstneren Ferdinand Wyller.
Statuen finner du i Vrangfoss slusepark.*

Familiiegudtsteneste og skileik

Søndag 28. januar var det familiiegudtsteneste på Jønnbu fjellkyrkje med sang av Minikoret. Etter gudstenesten var det pølsegrilling og skileik ved kyrkja.



Her er Vilja på ski og pappa Halvor.



Sigurd på kjelke ned bakken med pappa Gunnleiv.



Hedda på akebrett ned bakken.



Emmeli med pappa Vebjørn klar til å skli ned bakken frå kyrkja.

Å salige stund uten like

Da jeg ble spurt om å skrive om en påskesalme som har betydd noe for meg, ble jeg glad. Påsken er vel den viktigste hendelsen for vår gudstro, det er grunnlaget for det å være en kristen. Jesu død og oppstandelse.



Litt om meg selv. Jeg heter Kai Bendik Marum, og er født og oppvokst på Ulefoss. De fleste i min familie tilhørte Frelsesarmeen, og jeg er «flasket opp» der. Innviet til Gud og Frelsesarmeen som bitteliten. Jeg gikk gradene i barnearbeid og speideren, og ble også innviet til juniorsoldat 12 år gammel.

Etter konfirmasjonen ble jeg lei av Gud og kristendommen, og dro til sjøs som 16-åring. Der «levde jeg livet» som det heter, i noen år. Min mor sendte meg Det nye testamentet hver gang jeg mønstret på en ny båt. Jeg merket det ikke før jeg pakket opp fra skipssekken. Hun hadde en sterk tro på at jeg skulle finne troen igjen.

Etter noen år til sjøs kom jeg i 1956 i Den norske Marine, og i denne tiden fant jeg også min kjære Birthe. Vi giftet

oss og fikk ei fin, lita jente sammen. Jeg fortsatte til sjøs, og jeg dro ut 14 dager før vår datter ble født. Jeg så henne ikke før hun var blitt 18 måneder gammel. Det var tøft, men i 1960 gikk jeg på land.

Sommeren 1961 ble jeg en kristen. Jeg ble med i Frelsesarmeen igjen, og vi ble igjen soldater. Høsten 1963 reiste jeg, Birthe og datteren vår Lisbeth ut i tjeneste for Frelsesarmeen som offiserer. Vår tjeneste var å bestyre institusjoner for hjemløse, alkoholisererte og tidligere innsatte menn. Det kunne være tøft, men også fint og givende. Vi fikk gitt dem kjærlighetens budskap, og fikk se at folk kom på rett kjøll igjen.

Etter 10 år i denne tjenesten ble det nær 30 år i Oslo, i Den Norske kirkes tjeneste som klokke og daglig leder

av Fagerborg menighet. Der var også min kone Birthe i arbeid som husøkonom ved menighetens alders- og sykehjem. I 1999 ble vi pensjonister.

Vi tjenestegjorde også i Den norske sjømannskirke på Costa Blanca i Spania i 13 år, før vi i 2013 satte vårt bo i Gamleveg i Bø.

I alle disse årene har påskesalmen «Å salige stund uten like» vært viktig for meg.

Salmen er skrevet av Johan Halmrast i 1890.



*1 Å salige stund uten like,
han lever, han lever ennu!
Han vandrer i seierens rike,
min sjel, hvorfor sørger da du?
Han er ikke lenger i graven,
hvor bleknet i døden han lå;
/: jeg levende så ham i haven,
og aldri så skjønn jeg ham så. :/*

*2 Han lever, og jeg skal få bringe
hans venner det salige ord –
tenk, jeg som er ringest blant ringe,
den minste han kjenner på jord.
Tenk, jeg skal hans hilsen frembære,
å, kunne jeg synge det ut!
/: Mer kunne ei engler begjære
enn gå med så salig et bud. :/*

Når jeg leser eller synger denne salmen blir jeg salig og veldig glad. Jeg ser Ham levende for meg, og det er grunnlaget for min tro som nå har vart i 63 år.

Kai Bendik Marum



*Fra venstre bak : Torje Benjamin Skaland, Magnus Vestgarden, Sverre Kornelius Ims Hjemlebrekke, Oduwala Iyoha
Foran fra venstre: Tessa Bø Sollberg, Ingrid Elvine Verpe, Guro Espedalen Lium, Kari Skogen*

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp gjer det mogleg å rykke ut i krig og katastrofar

**Konfirmantar i Bø samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp.
Ta godt imot dei tysdag 19. mars frå kl.18.00-20.00!**

Verda slik ho ser ut i dag krev mykje av oss. Ho krev at Kirkens Nødhjelp er til stades der nøda er størst. Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp gjer det mogleg. To veker før påske kvart einaste år, går rundt 40.000 bøsseberarar frå dør til dør over heile landet og samlar inn pengar til arbeidet deira. I fleire tiår

har norske konfirmantar vore med på denne enorme dugnaden, som gjer det mogleg å rykke ut i kriser. Takk vere fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp var dei i fjor til stades med nødhjelp i jordskjelvet i Syria. Det kunne dei også i jordskjelvet i Afghanistan. Dei kunne dele ut mat og

vatn til flaumråka i Malawi. Dei kunne dele ut mat og teppe i Gaza. Dei har kunne dele ut varme teppe og vatn i Ukraina.

Takk vere det store engasjementet til konfirmantar og kyrkjelydar, kan menneske få eit betre liv. Som i Libanon. Eit land som er sterkt prega av både krigen i Ukraina og Gaza. I landsbyen Deir El Ghazal har Kirkens Nødhjelp bygd ein vasstank på 800.000 liter. Bønder kan igjen dyrke grønnsaker og ungdomane har reint drikkevatt. I heile 40 år har landsbyen i Bekaadalen vore utan vatn. No spirar og gror det over alt.

Akkurat no gjer 56 konfirmantar i Bø seg klare til å gjere ein forskjell. Til å

spreie håp i ei verd sterkt prega av nød og liding. I fjor fekk konfirmantane inn over 36.000 kroner.

I årets fasteaksjon møter vi Rachel som bur i Bekaadalen. Ho er som ungdomar flest. Elskar å vere på mobilen og vere saman med vener. Ho fortel korleis det var å bu i landsbyen før dei fekk det livgjevande vatnet. Ho er eit godt eksempel på at det er håp i ein drope vatn, og at tilgang til vatn gjev store ringverknader. I tillegg til å halde seg frisk, kan ho drøyme og vere aktiv.

Gjennom fasteaksjonen kan endå fleire få same moglegheiter som Rachel. Støtt fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp 2024, «Håp i ein drope vatn».

Påskegåve til Bø kyrkjeblad!

Kan du tenkje deg å gi ei gåve til arbeidet med kyrkjebladet som kjem ut 4 gonger i året? Då kan du betale inn eit valt beløp.

Vi er svært takksame for den gåva du vil gje !

Kontonummer: 2801.53.52096, merk med «Påskegåve til kyrkjebladet».
Vippsnummer: 116673
Bø sokn – Gåve til Bø kyrkjeblad

Beste helsing redaksjonen



DET ER HÅP I EIN DROPE VATN



Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i dag, på grunn av jordskjelv, tørke, flaum, krig eller konflikt. Støtt fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp og gje vatn til dei som treng det mest!

Vipps 250 kroner for å gje ein person varig tilgang til reint vatn.

VIPPS til 2426



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Foto: Pixabay

Ønsker du invitasjon til kyrkja sine tilbod til barn og unge?

Ønsker du invitasjon til kyrkja sine tilbod til barn og unge?

Alle barn som er døypt og dermed er medlemmer i Den norske kyrkja, får tilsendt invitasjon til å delta i ulike aktivitetar frå 0-18 år. Er ikkje barnet døypt, kan du få dei same tilboda.

Dersom barnet ikkje er døypt, har vi ikkje lov eller tilgang til adresser og kontaktinformasjon for å sende ut invitasjonar. Det er likevel mogeleg å få dei same tilboda og invitasjonane ved å registrere barnet som trusopplæringsabonnent.

Foreldre / føresette kan logge inn via id-porten på [kirken.no/minside](https://www.kirken.no/minside), (dette kan du gjere sjølv om du ikkje er medlem

av kyrkja) og opprette eit abonnement på trusopplæring for barnet ditt. Barnet vil da få dei same tilboda som medlemmene får.

Her kan du logge inn: <https://www.kirken.no/nb-NO/om-kirken/minside/>

Denne artikkelen ligg også på bokyrkje.no med klikkbare lenker.

Påskedagane

Palmesøndag:

Jesus markerer seg, men på en svært beskjeden og ydmyk måte.



Skjærtorsdag:

Hvilken dramatisk og skjebnetung dag og kveld. Bare Jesus visste hva som lå foran. I denne situasjonen gir han oss alt – hele seg. Hver søndag feirer og minnes vi dette. Nattverden. GLEM DET ALDRI!



Langfredag:

Hvilken smertens dag. Dette gjorde han for oss.



Påskedag:

Hvilken glede og fryd. Det umulige har blitt mulig. Les 1. Korinterbrev kapittel 15 i denne faste- og påsketid.

Slekters gang frå desember 2023

Døyp



21.01.2024:
Solveig Lundtveit Waal



21.01.2024:
Eskil Flatland Bernås



21.01.2024:
Emil og Isak Da Silva
Hørte



5.02.2024:
Liam Verpe Engeland




03.03.2024
Selma Ulvenes

Gravlagde/Bisetting



- 01.12: Torbjørg Eggan
- 08.12: Lars Haaheim
- 14.12: Aslaug Steinsland
- 15.12: Gunnar Hallstrøm
- 18.12: Bjørg Inger Lande
- 21.12: Anne Nymoen
- 22.12: Ruth Brenden
- 03.01: Thordis Marie Nordbø
- 03.01: Eivind Brukås
- 05.01: Veronika Olsen
- 10.01: Sigrud Torgimsen
- 29.01: Solveig Reinsborg
- 29.01: Sigrun Toril Hanto
- 01.02: Jan Kåsin
- 09.02: Åslog Sara Jubskås
- 14.02: Arve Egenæs
- 15.02: Gunnar Innleggen
- 19.02: Wenche Marie Wangelin
- 27.02: Astrid Storhaug
- 29.02: Arne Lie
- 01.03: Asbjørn Simon Josefsen

Fargelegg bilde



Frå kyrkjebøna:
Lat oss venda oss til Gud i bøn.

Evige Gud, vi takkar og lovprisar deg, Herre over himmel og jord. Vi bed for den verda du har skapt. Lei alle folk og nasjonar til å leva i samarbeid og fred. Gjev dei fattige og undertrykte fridom og rettferd.

Hjelp oss alle til å ta vare på ditt skaparverk, så vi vernar om menneskeverdet og forvaltar gåvene i naturen til gagn for kvarandre. Hald di vernande hand over barnet i mors liv. Ver støtte for dei som har mist barnet sitt, og for dei som har fått ansvar som foreldre. Amen

VALO PUMPER AS



OLAV HAUGESTØL

**40 års erfaring innen
vann- og avløpsspumper**

VALO Pumper AS • Vreimsida 126 • 3803 Bø i Telemark
Tlf. 911 01 000 • olav@valopumper.no



Åpningstider: 10-18 (16)
Tlf: 35 06 03 50



HAUGESTØL VVS AIS
3800 BØ – Tlf. 35 06 06 50

Tlf. 35 06 06 50
Vakttlf. 480 01 222
E-post: post@haugestolvvs.no





**VELKOMMEN
TIL OSS!**


Grundige synsundersøkelser,
god fagkunnskap, oppdatert
utstyr, topp service,
kjente merkevarer og
konkurransedyktige priser

Åpent mandag - fredag 10-16
lørdag 10-14



Bøgata 61, 3800 Bø tlf. 4839 4681
post@bnoptikk.no www.bnoptikk.no

 Bertelsen Nyhuus Optikk
 bertelsennyhuusoptikk



**MURMESTER
ESPEDALEN
MEIR ENN MUR**

Tlf. 35 06 03 30
www.murmesterespedalen.no

**MARTHE VALE WANG - LOGOPED MNLL
M/MØNSTERAVTALE HELFO**

JEG TILBYR OPPFØLGING HJEMME HOS KLIENT, PÅ INSTITUSJON, PÅ ARBEIDSPASS, PÅ SKOLE OG I BARNEHAGE, I MIDT-TELEMARK OG OMEGN.

ARBEIDSSOMRÅDER: PARKINSON, AFASI, STEMMEVANSKER, SPRÅK- OG UTTALEVANSKER, TALEFLYTVANSKER, OG UTREDNING AV DYSLEKSI AV BARN OG VOKSNE.

TA KONTAKT VED SPØRSMÅL ELLER ØNSKE OM TIMEBESTILLING.

KONTAKTINFORMASJON:
MARTHE VALE WANG
+47 986 18 919
LOGOPEDWANG@GMAIL.COM



FARGERIKE
Bø Maling a/s

Butikk: 35 95 13 50 E-post: post@bomaling.no
Håndverk: 95 88 05 26 E-post: john@bomaling.no

**VI UTFØRER ALT INNEN
NYBYGG, PÅBYGG OG
RESTAURERING**



**MIDT-TELEMARK
BYGG AS**

mtbygg.no
Folkestadvegen 166, 3802 Bø

Sjekk ✓ Punkt
BØ AUTO

Verksted
EU-kontroll
Bilutstyr

BILUTLEIE

 **35 95 02 75**

KIWI's PRISLØFTE

**VI GIR OSS
ALDRI
PÅ PRIS!**

KIWI mini pris
KIWI Bø **7-23**
ÅPNINGSTIDER: MAN-LØR

SYSTEMBLOKK

Tlf. 35 06 00 00
www.systemblokk.no


UNIKT LÅSESYSTEM
Kun hos Systemblokk

Velkommen til gudsteneste!



DATO	TID	STAD	DAG	TEKST
10.03	17:00	Bø bedehus	4. s. i faste	Joh 3,11-16
17.03	11:00	Bø kyrkje	Maria bodskapsdag	Luk 1,46-55
24.03	11:00	Bø kyrkje	Palmesøndag	Matt 26,6-13
28.03	11:00	Bø sjukeheim	Skjærtorsdag	Luk 22,14-23
28.03	17:00	Bø kyrkje	Skjærtorsdag	Luk 22,14-23
29.03	13:00	Bø kyrkje	Langfredag	Mark 14,26-15,37
31.03	11:00	Bø kyrkje	Påskedag	Matt 28,1-10
01.04	11:00	Jønnbu fjellkyrkje	2. påskedag	Luk 24,36-45
01.04	17:00	Tomaskapellet	2. påskedag	Luk 24,36-45
07.04	11:00	Bø kyrkje	2. s. i påsketida	Joh 21,15-19
14.04	11:00	Bø kyrkje	3. s. i påsketida	Joh 10,1-10
21.04	11:00	Bø kyrkje	4. s. i påsketida	Joh 13,30-35
28.04	11:00	Bø kyrkje	5. s. i påsketida	Luk 13,18-21
05.05	11:00	Bø kyrkje	6. s. i påsketida	Matt 7,7-12
09.05	12:00	Gyrestolen	Kristi himmelfartsdag	Luk 24,46-53
12.05	11:00	Bø kyrkje	Søndag før pinse	Joh 3,16-21
12.05	17:00	Tomaskapellet	Søndag før pinse	Joh 3,16-21
17.05	11:15	Bø kyrkje	17. mai	Matt 22,17-22
19.05	11:00	Bø kyrkje	Pinsedag	Joh 14,15-21
20.05	15:00	Bø gamle kyrkje	2. pinsedag	Joh 6,44-47
26.05	11:00	Bø kyrkje	Treeiningssøndag	Luk 10,21-24
02.06	11:00	Evju Bygdetun	2.s. i treeiningstida	Joh 3.26-30
	18:00	Soar	Fellesmøte – Kyrkja, Normisjon, Soar	
09.06	11:00	Bø kyrkje	3. s. i treeiningstida	Joh 1,35-51
16.06	11:00	Bø kyrkje	4. s. i treeiningstida	Matt 16,24-27
23.06	11:00	Bø kyrkje	5. s. i treeiningstida	Matt 7,21-29
30.06	11:00	Bø kyrkje	Aposteldagen	Matt 16,13-20



Bø kyrjekontor, Kyrkjevegen 78, 3800 Bø
Telefon: 35 06 10 40 • Epost: post@bokyrkje.no
Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje,
Kyrkjevegen 63, 3800 Bø

FYLK OSS PÅ bokyrkje.no //  Bø kyrkjelyd

Redaksjonen:
Olav Haugestøl, Ulf Vege,
Axel J. Bugge, Bjørn Seljebotn
Trykk og design:
Superlativ Media AS
Opplag: 3300 eks.